

Forslag til endra forskrift om verneplan for Smøla i Møre og Romsdal fylke.

Freding av Remman naturreservat i Smøla kommune

Fastsett ved kgl.res. 9. januar 2009 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet. Endra med forskrifter 6 juli 2011 nr. 821, 15 mars 2013 nr. 284 og xx. yyy 202x .

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a) er eit urørt og internasjonalt verdifullt kystområde, med naturleg tilknytt plante- og dyreliv, og økologiske funksjonar. Spesiell verdi er knytt til området som overvintringslokalitet og hekkeområde for fugl, og som leveområde for oter og havørn.
- b) representerer spesielle grunnvassområde langs kysten, og har særskilt naturvitskapeleg verdi. Remman har spesielle botnforhold med eit undersjøisk fjellplatå med særleg storvaksen tareskog, og rikt produktivt dyreliv i tareskogen og i skråningane ned frå platået.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, mellom anna for å kunne studere effektar av taretråling.

Verneformålet knyter seg til landarealet, sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata.

§ 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet er umatrikulert grunn i Smøla kommune. Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 32 378 daa, der ca. 46 daa er landareal, og ca. 32 332 daa er sjøareal.

Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet **xx.xx.202x**. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart er lagra i Smøla kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som forringar verneverdiane som er vist i verneformålet.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar:

- a) Vegetasjonen på land og i vatn, medrekna tang, tare og daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting og såing er ikkje tillate.
- b) Alt dyreliv på land og i sjø, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Hundar skal haldast i band. Utsetjing av organismar er ikkje tillate.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturgitte tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, plassering av campingvogner, brakker og liknande, opplag av båt, framføring av kloakkleidningar, luftleidningar eller jordkablar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering, lagring av masse, lagring eller

dumping av avfall eller tilføring av kloakk, anna forureinande stoff, kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel, kalk eller gjødsel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.

§ 4. Generelle unntak frå vernereglane

Reglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk, med unntak for bruk av reiskap som blir slept under fisket og rører botnen, likevel slik at bruk av snurrevad er lov.

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminner.

I naturreservatet gjelder følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel til lands er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
- b) Lågtflyging under 300 m er forbode.
- c) Bruk av vasscooter, vasski, paraglider og liknande er forbode. Forbode gjeld også bruk av motor på modellbåtar, modellfly og liknande.

§ 6. Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i politi-, brannvern-, ambulans-, rednings-, oljevern- og oppsynsteneste, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket omfattar ikkje øvingskøyning.

§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til:

- a) Nødvendig motorferdsel i samband med aktivitetar og tiltak som det vert gjeve løyve til med heimel i § 7 nr. 2 og 3.
- b) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av, og forskning på kulturminne.
- c) Oppføring av nødvendige navigasjonsinstallasjonar og andre farleiltak for å trygge ferdselen til sjøs.
- d) Etablering av landfeste for fiskereiskap.
- e) Øvingskøyning for formål nemnt i § 6 a.
- f) Vitskaplege granskingar.

§ 8. Regulering av jakt

Miljødirektoratet kan av omsyn til fredingsformålet ved forskrift regulere tidspunktet for jakt og fangst samt forby jakt på enkelte artar ut over reglane i viltlova.

§ 9. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsforskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 10. Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet i medhald av naturmangfaldlova § 47.

§ 11. Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 12. Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 13. Iverksetjing

Denne forskrifta tar til å gjelde straks.